



# FJELL KOMMUNE

Rådmannen

Ordføraren i Samnanger kommune  
Tyssevegen 271  
5650 Tysse

Dykkar ref. Vår ref./ark.kode  
13/369/13/3869/OR 2013-23-4 / 000  
D/MMA

Sakshandsamar  
Steinar Nesse

Dato  
17.09.2013

## Oversending av dokument i samband med oppdrag som setjerådmann

Eg syner til brev frå dykk dagsett 26.06.13, gjeldande oppnemninga som setjerådmann i sak om førebuing av svar på interpellasjonen i kommunestyret i Samnanger 17.04.13

Som rådmann i Fjell kommune takkar eg for tillita de har vist Fjell kommune ved å rette førespurnaden om oppnemning som setjerådmann hit.

Kommuneadvokaten i Fjell har på mine vegne greia ut saka. Brevet frå kommuneadvokaten er vedlagt.

Det er også kommuneadvokaten som vil møte på rådmannen sine vegner i kommunestyremøtet i Samnanger den 25.09.13.

Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål i saka.

Med venleg helsing,

  
Steinar Nesse  
rådmann

Vedlegg



# FJELL KOMMUNE

Kommuneadvokaten

Ordføraren i Samnanger kommune  
Tyssevegen 217  
5650 TYSSE

Dykkar ref. Vår ref.  
13/369/13/3869/OR 2013-23-3 / 000  
D/MMA

Ansvarleg advokat – tlf.  
Dag-Heine Bjørndal - 55 09 71 65

Dato  
17.09.2013

## **Utgreiing gjeldande interpellasjon dagsett 17.04.2013**

### **1. Innleiing**

Eg skriv på vegne av rådmann Steinar Nesse i Fjell kommune.

Mitt oppdrag er å førebu og greie ut sak gjeldande interpellasjon dagsett 09.04.13 til ordføraren i Samnanger kommune, fremma til kommunestyremøtet 17.04.13.

### **2. Bakgrunnen for saka**

Den 17.04.13 vart det sett fram interpellasjon til kommunestyret i Samnanger kommune, gjeldande moglege brot på teieplikt. Interpellasjonen inneheldt tre spørsmål.

Av di rådmannen i Samnanger kommune var direkte nevna i interpellasjonen, vart det i kommunestyremøtet den 20.06.13 vedteke at saka skulle førebuast av setjerådmann.

Rådmannen i Fjell kommune er peika ut som setjerådmann. Oppdraget vert utført av kommuneadvokaten i Fjell kommune, på vegne av rådmannen i Fjell kommune.

### **3. Førebuinger**

Det har vore gjennomført vitjingar i Samnanger kommune for å ha møte med involverte partar. Underteikna har gjennomført samtaler med ordføraren, rådmannen, stabssjefen,

politisk sekretær, barnevernsleiar og ein tilsett i administrasjonen. I tillegg er det gjennomført samtaler pr. telefon med medlemmer i kommunestyret, mellom anna for å avklare innhaldet i interpellasjonen.

For underteikna har det vore avgjerande å få fram fakta omkring kva for opplysningar som er gitt og kven som har fått dei. I samtalane med dei ulike partane i saka har faktaopplysningane vore samsvarande – ingen av dei underteikna har snakka med har komme med faktaopplysningar som er strid med det andre har sagt i saka.

Saka sine dokument i den grad dei vedkjem interpellasjonen er gjennomgått.

#### **4. Korleis interpellasjonen vert forstått**

I interpellasjonen går det fram at interpellantane meiner at det har skjedd brot på teieplikta i to ulike saker.

Den eine saka er den etter kvart mykje omtalte barnevernssaka i Samnanger der to born vart akuttplasserte i fosterheim, i januar 2013. I denne utgreiinga vert denne saka berre omtala som barnevernssaka.

Den andre saka gjeld ei personalsak som vart handsama i kommunestyret 06.03.2013, og som omhandla mogleg suspensjon av barnevernsleiar, mellom anna på bakgrunn av ovanfornemnde barnevernssak.

Bakgrunnen for interpellasjonen gjeldande desse to tilhøva er eit møte i kommunestyret den 06.03.13.

#### **5. Medieomtale i barnevernssaka**

Barnevernssaka har fått stor dekning i media, mellom anna Bergens Tidende og Samningen. I tillegg er det laga ei side på Facebook, som igjen lenker til ei mengd private bloggar og nettsider.

Saka kan finnast att på fleire private heimesider (bloggar). På desse bloggane ligg det ganske detaljert informasjon om saka. Det er mellom anna mogleg å finne ut kva borna heiter, kvar dei gjekk på skule, kor foreldra bur, o.s.b. Informasjonen kjem frå bestefaren til borna.

Desse opplysningane, som er så detaljerte at einkvar kan identifisere både foreldre og born, låg føre på internett og i avisene lenge før møtet i kommunestyret den 06.03.13.

Opplysningane var altså alment tilgjengeleg for publikum, og er det framleis.

Dette er eit viktig poeng, av di det er hevda at tilsette i administrasjonen har brote teieplikta omkring denne barnevernssaka. Ut frå dei opplysningane underteikna har funne på internett og i avisene, så er kjelda til desse opplysningane ikkje tilsette i Samnanger kommune, men mellom anna nær slekt til familien som barnevernssaka dreia seg om.

Som eit døme kan det visast til at Gottfred Haga sitt lesarinlegg i Samningen den 31.01.13. Berre kort tid etter vedtaket vart treft og gjennomført, gir lesarinlegget detaljar i saka. Lesarinlegget levner liten tvil om kven saka gjeld – i eit lite samfunn som Samnanger vil lesarinlegget slik det stod på trykk vere meir enn nok til at saka vert kjend for eit publikum stort nok til at saka raskt vert alment kjend.

Enno meir detaljert er eit innlegg av Gottfred Haga som er å finne att på ein privat blogg – i dette innlegget vert borna klårt identifisert med namn, og det vert også referert til opplysningar som fram til då truleg ikkje var kjend for andre enn tilsette i barnevernet og familien til borna.

Det er også ei rekke andre bloggar og nettsider som inneheldt informasjon om saka.

Felles for desse innlegga er at dei berre refererer synspunkta til den private parten, og ikkje noko frå barneverntenesta si side. Dette følgjer naturlegvis av at barnevernet har særsteng teieplikt, og at opplysningar frå barnevernet ikkje er tilgjengeleg for publikum.

## 6. Om teieplikt

Hovudregelen om teieplikt står i forvaltningslova §13; Ein har teieplikt om tilhøve som gjeld «noens personlige forhold». Dette er mellom anna informasjon om klienttilhøve (til dømes barnevernsklientar), økonomi, o.s.b.

Barnevernslova §6-7 viser til forvaltningslova §13 som hovudregelen om teieplikt, men har nokre innstrammingar i høve til kva opplysningar som barnevernet ikkje kan gå ut med.

Når det gjeld tenestemannssaker så er også innhaldet i tenestemannssakene som hovudregel omfatta av teieplikt, men her er rett nok ei viktig modifisering av teieplikta med omsyn til offentleg tilsette (sjå under).

Teieplikta gjeld ikkje i høve til partane i saka, sjå fvl. §13a, punkt 1. Det vil seie at parten i ei sak som hovudregel har fullt innsyn i saka (unntak gjeld for visse opplysningar som forretningsløyndomar, og liknande, men desse unntaka er ikkje praktiske i den saka som denne utgreiinga gjeld).

Personalsaker som gjeld suspensjon eller ordensstraff er som hovudregel underlagd teieplikt. Dette følger av at slike saker gjeld personlige tilhøve, slik at dette vert omfatta av forvaltningslova §13 sine reglar om teieplikt.

Når det gjeld offentleg tilsette, så må denne hovudregelen nyanserast noko. I uttale frå Sivilombodsmannen i sak 2011/1374, jfr. sak 2004/7, går dette fram (mi understrekning):

*Tauhetsplikten for personlige forhold gjelder også for offentlige tjenestemenn. Fordi offentlig ansatte skal ivareta allmennhetens interesser i sitt virke, rekker likevel ikke tauhetsplikten like langt som ellers når det er tale om tjenestehandlinger foretatt av offentlige tjenestemenn. Det er av betydning at offentligheten i en viss utstrekning kan gjøre seg kjent med hvordan en tjenestemann utfører sitt arbeid. Videre er det lagt til grunn av bl.a. Justis- og politidepartementets lovavdeling at hvor snever tauhetsplikten er for offentlige tjenestemenns tjenestehandlinger, vil være avhengig av hvor høy stilling vedkommende har, om allmennhetens tillit til stillingen er særlig viktig og hvor nært knyttet til stillingen de aktuelle opplysningene er, jf. for eksempel tolkingsuttalelsen i sak 1998/10047 (JDLOV-1998-10047). I en uttalelse, inntatt i ombudsmannens årsmelding for 2004 side 71 (Somb-2004-7), ble følgende lagt til grunn vedrørende denne grensedragningen:*

*«Opplysning om at en offentlig tjenestemann er ilagt tjenstlig reaksjon og det umiddelbare grunnlaget for reaksjonen, er på denne bakgrunn antatt ikke å være et personlig forhold i forvaltningslovens forstand. Det samme gjelder i*

utgangspunktet en privat parts karakteristikk av hvordan offentlige tjenestemenn utfører sitt arbeid.»

*Opplysninger om forhold knyttet til arbeidet kan imidlertid være omfattet av taushetsplikten hvis de røper noe nærmere om personlige egenskaper hos tjenestemannen. Et viktig moment i vurderingen vil være om opplysningsene uteleverer noe om «bakgrunnen» for tjenestemannens handlinger. Fylkesmannen har også tatt dette utgangspunktet ved sin vurdering av taushetsplikten. Som eksempel på informasjon som røper noe om «noens personlige forhold» har fylkesmannen vist til at det i dokumentet tas utgangspunkt i vedkommendes fravær, og at dette bl.a. kan gi indikasjoner på sykdom eller andre personlige forhold. Jeg kan i noen grad si meg enig i at fravær kan si noe om personlige forhold dersom grunnlaget for fraværet knytter seg til noe som må sies å være taushetsbelagt, og dette røpes. Men opplysninger om fravær er ikke nødvendigvis taushetsbelagt i seg selv. Lærere kan for eksempel være fraværende på grunn av videreutdanning, kurs, veiledning og lignende – forhold som sjeldent vil kunne sies å være taushetsbelagt.*

Uttalene frå Sivilombodsmannen er i samsvar med Justisdepartementet si lovavdeling sitt syn på teieplikt i saker som gjeld ordensstraff eller liknande for offentlege tenestemenn. Uttalene gjeld tilsette i staten, men synspunkta og tolkinga av fvl. §13 vil vere på lag lik for kommunalt tilsette, særleg dei som har betrudde eller ansvarsfulle stillingar.

Det er mogleg at det vil verte vurdert på annan måte dersom det er tale om ein meir anonym sakshandsamar eller liknande.

## 7. Svar på spørsmål 1 – barnevernssaka

Spørsmålet gjeld både rådmann og politisk sekretær. Underteikna tek for seg kvar stilling for seg, i eige avsnitt.

### 7.1. Rådmannen

Slik spørsmålet er formulert, så må det forståast slik at det er antyda at rådmann og politisk sekretær har fått informasjon om barnevernssaka frå nokon i barneverntenesta.

Til dette er å seie at det ikkje er avdekka at rådmannen har kunnskaper i barnevernssaka ut over det som er å finne att i dagspressa og på internett.

Det er viktig å hugse på at saka har vore omtala av nær familie til borna, mellom anna i Samningen og på Facebooksider og private bloggar og heimesider. Når saka er så pass detaljert omtala i pressa og i lesarinlegg og brev, så er rådmannen sjølvsagd orientert om omtale av saka på denne måten, på lik line med andre innbyggjarar i kommunen.

Men det er altså ikkje brot på teieplikt som er årsaka.

Rådmannen vert også jamnleg orientert av barnevernsleiari om saker som påverker drift av barnevernet, her under budsjett, antall saker, og liknande. Detaljar om sakene vert ikkje formidla til rådmannen. Nokon gonger er det likevel lett for ein rådmann eller andre tilsette å forstå kven ei gitt sak gjeld, utan at det er leke gradert informasjon. Dette er ei naturleg, om ikkje ønskjeleg, følgje av å drive barnevern i ein liten kommune som Samnanger. Men at rådmannen, på bakgrunn av avisoppslag og anna, gjettar kva sak det er tale om, er ikkje det same som at barnevernsleiaren eller andre i barnevernet lekker opplysningar til rådmannen.

Brot på teieplikta vert det fyrst når rådmannen får opplysningar omfatta av fvl. §13, som rådmannen ikkje på annan måte har fått tilgang på eller ville hatt kunnskap om. Det er ikkje grunnlag for å tru at rådmannen har fått opplysningar om barnevernssaka i strid med barnevernet si teieplikt.

Det som vert formidla til rådmannen er barnevernet sine rutiner og prosedyrer, og korleis barnevernet arbeider. Dette er barneversleiar pliktig å halde rådmannen informert om, og dette kan sjølvsagt gjerast utan at ein treng å røpe innhold i einskile saker.

Dette betyr at rådmannen har ei innsikt i sakshandsamingsprosedyrene som tilseier at rådmannen med fagleg tyngde kan hevde at det inntrykket som media og internett har av saka truleg ikkje stemmer. Dette trengst altså ikkje å byggje på anna enn den informasjonen som allereie var tilgjengeleg for einkvar, og rådmannen sin kunnskap om barnevernet sine arbeidsmetodar.

Underteikna har ikkje funne spor i saksdokumenta (som gjeld interpellasjonen og kommunestyremøtet 06.03.13) som tyder på at rådmannen har nærmare kjennskap til saka enn det som lova tillet.

Underteikna har ikkje fått innsyn i sjølve barnevernssaka.

Det er ikkje grunnlag for å hevde at rådmannen har fått informasjon i barnevernssaka som er underlagt teieplikt.

## 7.2. Politisk sekretær

Politisk sekretær har tidlegare arbeidd i barnevernet. Ho har difor grundig kjennskap til barnevernet sine rutinar og arbeidsmetodar.

Politisk sekretær viser til at av di ho har arbeidd i barnevernet tidlegare (fram til 2010), kjenner ho til korleis barnevernet arbeider i slike saker. Kjennskap til akuttvedtaket i januar 2013 eller bakgrunnen for dette har ho ikkje.

Det er ikkje avdekka at politisk sekretær har gitt opplysningar omkring den konkrete saka til nokon, heller ikkje til sine overordna.

Det som kan hende er kimen til ei mistyding, er at politisk sekretær kan ha gitt uttrykk for at barnevernssaka nok ikkje er så enkel og einsidig som framstilt i media. Dette kan ho seie utan å bryte teieplikta, av di ho kjenner reglane for korleis barnevernet arbeider.

Dei som arbeider med barnevern er bunde av ei særsteng teieplikt som gjer at biletet som vert teikna i media av einskilde saker ikkje er balanserte eller korrekt framstilte – rett og slett av di media ikkje får tilgang til barnevernet sine opplysningar.

Opplysningar som kan identifisere borna og familien er underlagt strengaste teieplikt, også i den konkrete barnevernssaka frå januar 2013.

Slike opplysningar var likevel tilgjengelege før møtet i kommunestyret den 06.03.13, men opplysningane var som sagt gitt av private partar og ikkje barnevernstilsette eller administrativt tilsette.

Det er ikkje grunnlag for å hevde at politisk sekretær har fått informasjon i barnevernssaka som er underlagt teieplikt, eller at slik informasjon er videreforsmidla av politisk sekretær.

### **7.3. Kva som er gjort i for å nøste opp i saka omkring påstått brot på teieplikta**

Det er gjennomført samtaler med rådmann, politisk sekretær, barnevernsleiar og ein tilsett i barneverntenesta.

Av di det ikkje er avdekka brot på teieplikta, så er det heller ikkje aktuelt med sanksjonar i høve til dei tilsette.

Utgreiinga av saka gjennom setjerådmann er eitt av tiltaka som er gjort for å undersøke om det er hald i påstandane om brot på teieplikta. Setjerådmannen er av den oppfattinga at brot på teieplikt ikkje har funne stad.

Eit brot på teieplikta kan i somme tilfelle føre til arbeidsrettslege reaksjonar. Av di det ikkje er avdekka slike brot, så er det ikkje naudsynt å vurdere arbeidsrettslege reaksjonar i denne saka.

Når det gjeld spørsmålet om rådmannen bør handtere saker som gjeld mogleg brot på teieplikt, så er det rådmannen som i fyrste omgang skal undersøke dette, jfr. komml. §23. I denne saka er det også gjennomført ekstern vurdering ved setjerådmann.

Sjå også eige punkt nedanfor gjeldande eventuelle arbeidsrettslege reaksjonar på dei påståtte brota på teieplikta.

## **8. Svar på spørsmål 2 - suspensjonssaka**

### **8.1. Teieplikt i suspensjonssaker gjeld berre grunnlaget og grunngjevinga**

Underteikna forstår spørsmålet slik at det gjeld suspensjonssaka som vart handsama i kommunestyret den 06.03.13.

Ei suspensjonssak er ei personalsak som høyrer inn under arbeidsmiljølova §15-13.

Personalsaker som gjeld suspensjon eller ordensstraff er som hovudregel underlagd teieplikt. Dette følger av at slike saker gjeld personlige tilhøve, slik at dette vert omfatta av forvaltningslova §13 sine reglar om teieplikt.

Når det gjeld offentleg tilsette, så må denne hovudregelen nyanserast noko, sjå punktet over om reglar for teieplikt omkring personalsaker for offentleg tilsette.

Suspensjonssaka starta i kommunestyremøtet den 06.03.13 i sak 5/13, der det vart vedteke at rådmannen skulle førebu sak om suspensjon. Seinare, i kommunestyremøte 17.04.13, vart framleggget om suspensjon forkasta. Juridisk sett er det tale om ei samanhengande suspensjonssak, sjølv om det er tale om to ulike møte.

For interpellasjonen sin del er det sak 5/13 i kommunestyremøtet den 06.03.13 som skal drøftast. Konklusjonane omkring kva delar av ei suspensjonssak som er underlagd teieplikt vil likevel vere om lag det same i møtet 17.04.13, men det er altså møtet den 06.03.13 som er temaet i den vidare utgreiinga.

I denne saka må ein skilje mellom den delen av saka som er sjølve vedtaket, altså at framlegget til førebuing av suspensjon vart vedteke, og den delen av saka som er sjølve det materielle grunnlaget for beslutninga.

Det vert fyrst teke stilling til den materielle delen av saka, altså det som gjeld grunngjevingane, førebuinga og anna som har karakter av opplysningar som vert nytta i suspensjonssaka.

Suspensjonssaka som vart handsama i kommunestyret 06.03.13 omhandla mellom anna korleis barnevernsleiar hadde handtert barnevernssaka i januar, og truleg også nærmere detaljar omkring barnevernsleiaren sin jobbutføring.

Bakgrunnen for ei eventuell suspensjon ville altså anten vere personlege tilhøve eller ei barnevernssak som frå før var underlagd teieplikt.

Dette betyr at suspensjonssaka som vart handsama i kommunestyremøte 06.03.13 var unntekse offentleg innsyn når det gjeld bakgrunnen for at saka kom opp og den nærmere grunngjevinga for vedtaket. Suspensjonssaka vart handsama i eit kommunestyremøte, med debatt og avstemming etter kommunelova sine reglar. Debattinnleggja er truleg omfatta teieplikt i den grad dei inneholdt opplysningar om personlege tilhøve ved barnevernsleiaren eller opplysningar knyttta til barnevernssaka.

Dette betyr at sjølve debatten og sakshandsaminga ville vere omfatta av teieplikt.

Det var difor riktig av kommunestyret å lukke møtet slik at debatten ikkje var offentleg.

## **8.2. Det er ikkje teieplikt om avstemminga i suspensjonssaka**

Når det gjeld sjølve vedtaket i sak 5/13, altså konklusjonen på spørsmålet om rådmannen skulle påleggjast å førebu suspensjon av barnevernsleiaren , så er dette offentleg informasjon.

Det er ikkje underlagd teieplikt at suspensjonssak mot barnevernsleiaren skulle førebuast.

Politisk sekretær har fortalt til barnevernsleiaren kven som stemde for og kven som stemde mot framlegget om førebuing av suspensjon.

Denne type opplysning er ikkje omfatta av forvaltningslova §13 si formulering ”noens personlige forhold”, og er difor ikkje underlagd teieplikt. Det er heller ikkje reglar i kommunelova som legg teieplikt på denne typen informasjon.

Ein kommunestyrerrepresentant kan ikkje pårekne teieplikt om han eller ho har stemt for eller mot eit framlegg til vedtak.

I møteboka skal alle framlegg til vedtak og utfallet av stemmegjevinga gå fram, sjå komml. §30. Kven som har stemd for og mot skal gå fram av møteboka dersom nokon krevjer det.

At møtesekretären opplyser kven som stemde for og mot er etter dette ikkje brot på teieplikta.

På tidspunktet der barnevernsleiaren fekk opplyst kven som stemde for og mot, så var sjølve vedtaket om førebuing av suspensjon allereie kjend for barnevernsleiaren. Interpellasjonen er noko uklår med omsyn til om det vert hevdat politisk sekretær også skulle ha sagt kva vedtaket gjekk ut på, men dette er i alle høve også ei opplysning om saka som politisk

sekretær kunne gi utan at reglar om teieplikt vart brote – sjå meir om dette i punkt 8.3, jfr. punkt 6.

### **8.3. Parten har alltid innsyn i eigen sak, også i saker som er omfatta av teieplikt**

Forvaltningslova §13b, punkt 1 seier at part i saka har innsyn i saka sjølv om saka er underlag teieplikt etter forvaltningslova §13.

Det vil ikkje vere brot på teieplikta å informere parten i ei sak om utfallet av saka, og heller ikkje om innhaldet i saka – dette gjeld også kven som stemde kva.

Barnevernsleiaren er part i sak som gjeld mogleg suspensjon av han, og han har difor fullt innsyn i denne saka.

Det følgjer då av forvaltningslova §13b, punkt 1 at han har rett til å få opplysningane som møtesekretären gav han. Dette ville blitt resultatet jamvel om ein skulle komme fram til at stemmegjevinga eller framlegg til vedtak var underlagt teieplikt.

### **8.4. Mediomtalen og spørsmålet om teieplikt**

Når det gjeld suspensjonssaka, så har Bergens Tidende skrive ein del om dette i oppslag dagsett 08.04.13. Det går fram av artikkelen at avisar har fått innsyn i suspensjonssaka ut over framlegg til vedtak.

Nøyaktig kva for opplysningar avisar har, er ikkje så lett å lese seg til. Men det går klårt fram av artikkelen at kjeldene ikkje er tilsette i kommunen:

*"Ingen av dei involverte kommunetilsette ønskjer å uttale seg om saka. Men dei folkevalde elles har reagert sterkt på framferda til ordførar og rådmann."*

Det har ikkje latt seg gjere å finne ut kven som er kjelda til avisoppslaget. For denne utgreiinga sin del er det nok å vise til at kjelda ikkje er tilsette i barnevernet, rådmannen eller politisk sekretær.

### **8.5. Kva er gjort i høve til spørsmålet om brot på teieplikt?**

Rådmannen har teke opp spørsmålet om brot på teieplikta med politisk sekretær, slik rådmannen skal gjere ut frå komml. §23.

Politisk sekretær vedgår å ha opplyst til barnevernsleiaren kven som stemde for og mot i sak 5/13 (framlegg til førebuing av suspensjon). Dette er altså opplysningar som ikkje er underlagd teieplikt og som ein part i saka i alle høve har krav på å få.

Det er difor konstatert at teieplikta ikkje er brote, og det er då heller ikkje grunnlag for arbeidsrettslege sanksjonar mot politisk sekretær.

Det må minnast om at politisk sekretær er verna av arbeidsmiljølova og at arbeidsrettslege reaksjonar i denne samanhengen er utelukka.

Sjå også eige punkt nedanfor gjeldande eventuelle arbeidsrettslege reaksjonar på dei påstårte brota på teieplikta.

## **9. Svar på spørsmål 3 – nemning av politisk sekretær**

Interpellasjonen viser til at i samtale med kommunstyrerepresentantar den 20.03.13 opplyser rådmannen at politisk sekretær har gitt opplysningar om stemmegjevinga og beslutninga i sak 5/13. Opplysningane er gitt til barnevernsleiaren.

Spørsmålet frå interpellantane er om rådmannen kunne opplyse dette, av di den aktuelle sekretæren vart namngitt, altså identifisert.

Dette er ikkje brot på teieplikta for rådmannen. Den politiske sekretæren har ikkej brote si teieplikt, men har gitt opplysningar til barnevernsleiaren som ho var pliktig å gi til han.

Forvaltningslova §13 sitt omgrep ”personlige forhold” femner ikkje om dette – rådmannen har berre orientert om kva sekretæren har sagt til barnevernsleiaren. At sekretæren vart namngitt er ikkje brot på teieplikta – rådmannen må kunne vise til kva einskilde tilsette i kommunen utfører av tenestehandlingar.

Det må tilføyast at opplysningane som politisk sekretær har gitt til barnevernsleiari ikkje er ”graderte opplysningar” slik interpellasjonen gjev inntryk av.

## **10. Kort om arbeidsrettslege reaksjonar**

Fleire stader i interpellasjonen vert det etterlyst svar på kva som er gjort i høve til dei som interpellantane meiner har brote teieplikta.

Dersom det ikkje vert avdekkja eller dokumentert brot på teieplikta, så kan desse tilsette ikkje utsetjast for arbeidsrettslege reaksjonar. Dei tilsette har krav på vern mot vilkårlege arbeidsrettslege reaksjonar, noko som klårt går fram av arbeidsmiljølova og rettspraksis i arbeidsrettssaker.

Dersom ein skulle setje i verk reaksjonar i form av å ta frå nokon stillinga eller på annan måte gje ordensstraff eller liknande, så må ein ha eit klart og sakleg grunnlag for dette. Har ein ikkje slikt grunnlag, så er reaksjonen vilkårleg og ulovleg.

I denne saka har administrasjonen undersøkt påstandane om brot på teieplikta, og det er ikkje funne grunnlag for å hevde at det har funne stad slike brot på teieplikta som interpellantane meiner har skjedd.

Arbeidsrettslege reaksjonar mot rådmannen, politisk sekretær, eller barnevernstilsette er difor ikkje aktuelt slik saka no står.

## **11. Avslutning**

Utgreiinga er lang, og inneheldt mykje informasjon. For oversikta sin del vert hovudkonklusjonane med dette oppsummert:

Til spørsmål 1:

Det er ikkje funne teikn til brot på teieplikta til barnevernet. Rådmann og politisk sekretær ser ikkje ut til å ha tilgang på opplysningar som er underlagt teieplikt i høve til deira stilling og arbeid.

Til spørsmål 2:


Politisk sekretær har ikkje brote teieplikta ved å informere barnevernsleiaren om stemmegjevinga og vedtaket i sak 5/13 i kommunestyremøtet 06.03.13.  
Arbeidsrettslege sanksjonar mot politisk sekretær er difor utelukka.

Til spørsmål 3:

Det var ikkje brot på teieplikta at rådmannen navngav politisk sekretær i samtale med kommunestyrerrepresentantar 20.03.13; Opplysninga om kva politisk sekretær hadde gjort som ein del av hennar stilling var ikkje underlagt teieplikt. Kven som var politisk sekretær var også alment kjend i kommunestyret.

Underteikna kjem til å vere til stades i kommunestyret i Samnanger på vegne av setjerådmannen når interpellasjonen skal svarast på. Underteikna kan då svare på einskilde spørsmål dersom noko er uklårt.

Med helsing  
Dag-Heine Bjørndal  
advokat MNA

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Dag-Heine Bjørndal". Above the signature, the words "Med helsing" are written. Below the signature, the text "advokat MNA" is present. The entire signature is enclosed within a large, roughly circular outline.